

Øyrehaben Sunde med seminar nummer 10

01.09.2011



Frå seminaret i fjor, som handla om Mowattane på andre sida av Nordsjøen Øyrehaben Sunde til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Jørn Øyrehaben Sunde frå Uskedalen skal laurdag leia sitt tiande historiske seminar på Baroniet. Han er jus-professor men i tillegg forskar og rådgjevar ved Baroniet som han har vore sterkt oppteken av heile livet. Ingen veit meir om Baroniet si historie enn han.

Denne gongen er aristokratiet i Noreg før 1600 temaet og Øyyrehaben Sunde vil visa korleis lagmannen på Aga på mange måtar fylte ein liknande oppgåve i det mellomalderske byråkratiet som baronane gjorde i si samtid.

Arkeologiske funn viser at ein her og der i landet hadde eit aristokrati som viste si makt gjennom det som i deira samtid var storståtte byggverk.

Professor Elna Siv Kristoffersen skal handsama arkeologiske funn her i kommunen og visa dei spor ein finn etter eit aristokrati.

Fyrsteamanuensis Øystein Ekroll tar for seg stormannsresidensar i mellomalderen.

Fyrsteamanuensis Alf Tore Hommedal held innlegg om residensane til kyrkjefyrstane i mellomalderen og statsstipendiat Guttorm Rogdaberg vil visa korleis lagmannsstova på Aga berre var ein del av eit langt større bygningskompleks.

Og alt går føre seg i Borgstova slik det plar gjera.

Av Ola Matti Mathisen